

Sævarhagen barnehage AS  
Sævarhagen 47  
5416 Stord

02.01.08

Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep  
0032 Oslo

## Merknad til høyringsnotat om endring av barnehagelova

### **1. Det statleg øyremerka driftstilskotet må ikkje fjernast.**

Tilskotet må følgje kvart barn i heile landet, uavhengig av buplass, eigar og drift.

### **2. Tilskotet må komme frå staten.**

Slik situasjonen er i dag er det vanskeleg for vår barnehage å planlegge økonomi/ lage budsjett; me meiner at det må vere mulig for ikkje - kommunale barnehagar å få innsikt i kommunen sitt berekningsgrunnlag.

Med alternativ 1, lokale forskrifter; fell 85% regelen vekk. Det gir kommunen eit stort ansvar i høve til dei private barnehagane. Me meiner at full økonomisk likebehandling betyr at kommunen innfører einskapsprinsippet der tilskotet tilsvorar 100% av det kommunen brukar på barna i sine egne kommunale barnehagar. Det er og viktig at tilskotet sikrar eit mangfald av barnehagar, og gir private barnehagar forutsigbare vilkår.

### **3. Endringane må ikkje bli innført som skissert i utkastet.**

### **4. Det må ikkje overførast til kommunen å utvikle modellar for utrekning av tilskot.**

Rammefinansiering kan gi oss like mange modellar som me har kommunar. Dette vil gjere det mindre forutseieleg for private aktørar. Me meiner at øyremerka driftstilskot må lovfestast for å gi private barnehagar meir forutsigbare driftsvilkår. Dette ansvaret meiner me høyrer heime hos sentrale mynde; å sjå til at kvart barn får likt tilskot.

**5. Økonomisk likebehandling må gjennomførast snarleg.** Alle barn har rett på like vilkår uansett kva alternativ foreldra vel. Når det gjeld finansieringsordning av private barnehagar, meiner me at kommunen skal sikre likeverdige økonomisk handsaming uavhengig av kven som eig barnehagen. Systemet må vere eintydig og kunne etterprøvast.

**6. Garanti for finansiering må gjelde alle barnehagar** - som er godkjende etter lova - uansett oppstartsdato.

7. **Kommunen kan ikkje overstyre bygging av nye plassar som skjer i privat regi.** Foreldre har rett til å velje barnehage uavhengig av dekningsgrad. Om behovet ikkje finnest, regulerer tilbodet seg sjølv.
8. **Kommunen bør ikkje ha meir styring av opptaket enn den har i dag.**
9. **Sentrale forskrifter må vere lik i alle kommunar i landet!**

Helsing

Sævarhagen barnehage AS  
v/ dagleg leiar Sissel Aanderaa